

FJORDHAGEN

Knutepunktet for næringsutvikling
på indre Sunnmøre



SMÅKRAFTSSATSINGA

I

NORDDAL KOMMUNE



Småkraftsatsinga januar 2012 – mai 2015

- Ved prosjektleiar Robert Rønstad

Samandrag

Tafjord Kraft og Norddal kommune sette av økonomiske midlar til å tilsette en ingeniør til prosjektet Småkraftsatsinga i Norddal. Tafjord hadde allereie kartlagt potensialet for nye elvekraftverk i sideelvene til Valldøla.

Omfattande grunneigarkontakt, saman med vassdragsberekningar og informasjonsdeling har i løpet av perioden leidd fram til utvikling av konsesjonssøknader for ni elvekraftverksprosjekter i og ved Valldøla og i Norddalsvassdraget og Høgsetelva. Sju av desse prosjekta har vore i regi av Småkraftsatsinga i Norddal, der to ikkje vart omsøkt.

Rammene rundt prosjekta er avgrensa av vassdragsvernet, der maksimumsinstallasjon i vassdrag er avgrensa til ein megawatt. Denne avgrensinga fører og til at det økonomiske innteningspotensialet vert avgrensa, og til at nokon av prosjekta får marginal overlevingsevne. På den andre sida bidreg vassdragsvernet til å utfordre utbyggjar til grundigare utviklingsarbeid, og til å ta ekstra omsyn til landskapstilpassing og prosjekta si synlegheit i landskapsbiletet.

Norrdal kommune vart også utfordra til å gi si innstilling til elvekraftverksprosjekta i Småkraftsatsinga, og kommunen vedtok tredje januar 2014 å rå til at ein stiller store krav til naturfagleg utgreiing og landskapstilpassing i dei einskilde kraftutbyggingssøknadene. Norddal kommune har på denne måten ikkje lagt avgrensa føringar for elvekraftutbygging i kommunen.

Innhald

Samandrag.....	2
Oppdraget	4
Omfanget.....	4
Fagleg utvikling.....	5
Aktivitet	5
Dei konsesjonssøkte prosjekta	7
Langdalen	7
Grønningssæter	8
Høgsetelva	9
Heggen-Hjelme	10
Myklebustelva	11
Dyrdøla	12
Herdøla / Storfossen / Fossheim	13
Prosjekt som kan utviklast seinare	14
Alstad.....	14
Berdøla	14
Grønning.....	14
Prosjekter som vart terminert.....	14
Steiggjelselva	14
Herdøla / Rindefossen	14
Andre prosjekt.....	15
Hoelsfossen	15
Veiberg	16
Anna aktivitet	16
Ladestasjon.....	16
Grøn Fjord	16
Landstraum for skip.....	17
Norrdal Kommune og vassdragsvernet	17
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	17
Vegen vidare?	17

Oppdraget

Tafjord Kraft AS og Norddal Kommune inngjekk i samband med aksjekjøpsavtale om kjøp/sal av aksjane i Norddal Elverk AS, ei avtale der Tafjord Kraft AS skulle finansiere ei prosjektstilling lokalisert til Norddal kommune. Prosjektstillinga skulle bistå kommunen og grunneigarar i området i forhold til å få realisert småkraftpotensialet i Norddal kommune.

Fjordhagen AS, på Grandane i Valldal, fekk oppdraget og arbeidsgjevaransvaret for prosjektstillinga, og oppgåvene for stillinga vart formulert som følgjer;

- Identifisere, tilretteleggje for og informere om grunneigarane sine moglegheiter for utvikling av småkraftverk.
- Grunneigarkontakt og grunnlagsutgreiing.
- Prosjekttilsett skal vere eit mellomledd/ein kontaktperson mellom grunneigar og Tafjord Kraft AS, Norddal kommune og myndighetene.
- Arrangere folkemøter, halde orienteringar og få ut relevant informasjon til relevante aktørar
- Prosjekttilsett skal bidra til at grunneigarar får organisert småkraftsatsingane sine på ein fornuftig måte.
- I samarbeid med Tafjord Kraft AS og Norddal kommune å jobbe med oppheving av freding av relevante vassdrag

Tafjord Kraftproduksjon ved Per Kåre Skudal vart utpekt som primærkontakt i Tafjord Kraft for stillinga.

Omfanget

Før eg starta med oppdraget i 2012, så var eg med på eit stort fellesmøte med grunneigarar i Valldal på hausten 2011. Møtet vart halde på Omenås klubbhus, og der møtte om lag 70 grunneigarar. Tafjord Kraftproduksjon var vertskap for møtet, der blant anna Stig Falling og Per Kåre Skudal informerte om kraftverkspotensialet i Valldøla-vassdraget. Tafjord hadde kartlagt maksimalt kraftproduksjonspotensiale i Valldøla-vassdraget til samla 146,5 GWh.

Frå 2. januar til 31. oktober 2012 var omfanget av stillinga 50%, deretter vart stillinga gjort om til å vere 100% fokus på Småkraftsatsinga.

Fagleg utvikling

Den ingeniørmessige utfordringa var å transformere eksisterande kunnskap om til nyttig småkraftverkskunnskap. Tilgjengelig teori i bibliotek og internett vart studert nøye, saman med gode dialogar med Per Kåre Skudal. Eg nytta og ei kontakt ved Høgskulen i Trøndelag, for å finne fram til riktig teori.

I løpet av 2 – 4 månader i 2012, frå januar til april, så vart der utvikla rekneark som kunne nytte data frå NVE sin lavvatnsapplikasjon til å berekne potensiell installert effekt, årsproduksjon, røyrgatestorleiker, bygningsmasse, investeringsbehov, eitt års driftsregnskap og noverdibetraktning.

Dette regnearket har vore aktivt nytta til å forklare grunneigarane sine handlingsrom, samt kostnads og innteningspotensial. Der vart også laga til eit eige rekneark for økonomibetraktning over eit 20-års perspektiv, der det vart tatt omsyn til prisvariasjon med og utan el-sertifikat.

Seinare utvikla eg også eit rekneark for hydrologi-betraktning, der me kunne hente ut tal, grafar og varigheitskurver. NVE sin mal for hydrologirapport vart tatt i bruk, slik at dette vart et nyttig verktøy for konsesjonssøknader.

NVE sin mal for konsesjonssøknader vart også studert nøye, samt tatt i bruk, slik at grunneigarane kunne nytte min kompetanse til å få skrive sine konsesjonssøknader kostnadsfritt. I dette arbeidet var der igjen god støtte i Per Kåre Skudal, med dialog og korrigeringar.

Alt i alt har den faglege utviklinga gått via verktøy for å forklare småkraftverkspotensial og handlingsrom, fram til fullstendige konsesjonssøknader.

Aktivitet

Hovudaktiviteten gjennom prosjektet har vore informasjonshenting om vassdragsdata, regelverk og lover, vilje og interesser blant grunneigarane, samt berekningsmetodar. Dette har deretter leia over til undervisning og kunnskapsdeling med grunneigarar og politikarar, slik at deira vedtaksgrunnlag har blitt så utfyllande som mogleg.

Delaktivitetar gjennom prosjektperioden har vore berekningar, dokumentutforming og tilrettelegging for grunneigarar, samt utvikling av konsesjonssøknader. Der har også vore arrangert folkemøter og grunneigarmøter.

Folkemøter, orienteringar og informasjonsdeling

Det har vore arrangert 12 folkemøter i løpet av prosjektperioden, med mellom 9 og 33 deltakarar på kvart møte. Tema som har vore tatt opp er blant anna vassforvaltning, NVE, vassdragsvern og kommunalt planarbeid, biologisk mangfald, arbeidsmetodar og framgangsmåtar for grunneigarane, i tillegg til spesifikt fokus på dei einskilde vassdraga.

Det har vore skrive innlegg og nyheitsartiklar om prosjektet Småkraftsatsinga og moglegheitene kring dette. I januar 2013 skreiv eg ei ytring om Småkraftsatsinga i Norddal kommune og Indre Storfjord. Denne kom på trykk i Sunnmørsposten den 10. januar 2013. Ytringa synte samanlikningar mellom satsinga i dag og satsinga i 1916, der eg sette småkraftverk i fokus som eit godt verkemiddel i distrikts-Noreg for å sikre busetnad og skape ny næring.

I juli 2013 skreiv eg ei ytring om vasskraftverk og turisme, og denne vart publisert i Nationen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis og Småkraftnytt.

Småkraftsatsinga har også delteke på Forum Fornybar ved Runde Miljøsender, og Mørekonferansen i Molde.

Der har vore oppretta god kontakt med fylkeskommunens tilsette innan fornybar energi.

Dei konsesjonssøkte prosjekta

Langdalen

Omsøkt i desember 2012; 1 MW installasjon. Kontaktperson er Odd Langdal.

Odd Langdal kom tidlig til meg i 2012, og diskuterte interessert om kraftverk i Langdalen, direkte i Valldøla. Han hadde i 2006 vore i kontakt med NVE om dette, og hadde eit skriv frå NVE som sette rammer på vassuttak. Dette var eit særst godt utgangspunkt, og ymse berekningar synte at det var mogleg å etablere eit minikraftverk på 999 kilowatt i Langdalen, med ein årleg straumproduksjon på 3 – 4 gigawattimar (GWh). Ved garden Langdal var der også restar av Langdal Gardskraftverk, et likestraumsverk som var i drift i perioden 1936 – 1952. Den største utfordringa til Odd Langdal var eigen arbeidskapasitet, då han var aleine om dette prosjektet. Det vart utover sumaren 2012 tydeleg at han burde satse på ein samarbeidspartnar for å få realisert planar om utbygging. Sidan Tafjord var aktivt interessert, oppfordra eg Odd Langdal til å ta formell kontakt med Tafjord om dette prosjektet. Han diskuterte prosjektet med Per Kåre Skudal, og saman utvikla dei ein konsesjonssøknad, og sende denne til NVE før jul 2012.



Restar av røyrgata til kraftverket i Langdal. Frå venstre Kjell Reidar Hoel og Trond Håvoll.


Grønningsæter

Maksimumspotensiale produksjon på 11+20 GWh per år.

Omsøkt i desember 2012; 1 MW installasjon, årlig produksjon 7,6 GWh.

Grønningsæter var allereie i gang med prosjektutvikling før prosjektet Småkraftsatsinga starta. Kontakt med dei vart difor berre på status, for å følge med på kva som skjer.

Grønningsæter utvikla og sendte inn sin konsesjonssøknad sjølv, før jul 2012.



Høgsetelva

Søkt i september 2013; 0,9 MW installasjon, årlig produksjon 2,2 GWh. Kontaktperson er Bjørn Helge Rønneberg.

Prosjektet sin storleik og plassering er slik at det er eit minikraftverk som er utanfor grensene for vassdragsvern. Dei fire grunneigarane ved Høgsetelva i Eidsdalen jobba lenge med sin fallrettsavtale, og sjølv om alle var einige om avtalen, så ble den ikkje signert av alle før 21. august 2013. Arbeidet med konsesjonssøknad gjekk parallelt med fallrettsavtalen.

Konsesjonssøknaden vart sendt til NVE den 23. september 2013. Grunneigarane vurderte også om dei skulle etablere kraftselskapet, men dei vedtok at dette kunne vente til der var positive tilbakemeldingar frå NVE/Fylkeskommunen. Per Kåre Skudal bidrog med vassdragsbileter. Dag Holtan bidrog med biologisk mangfald rapport i løpet av sumaren. Grundigare driftsbudsjett og likviditetsbudsjett synte seinare på året at kraftprosjektet er økonomisk utfordrande. Etter at reglene for grunnrenteskatt vart endra i 2014, så opnar dette for at Høgsetelva kan leige ut sine fallrettar til Eidsdal kraft.



Heggen-Hjelme

Maksimumspotensiale produksjon på 12 GWh per år.

Søkt i januar 2014; 1 MW installasjon, årlig produksjon 6,1 GWh. Kontaktperson er Børge Heggen Johansen.

Dei fire grunneigarane ved Heggen i Valldal er i ei solidarisk særstilling, der to grunneigarar i april 2012 inngjekk ein eigen fallrettsavtale med lik fordeling. Denne avtala vart etter kvart mal for dei to andre grunneigarane, til å etablere ein liknande avtale seg i mellom. Begge partane etablerte sidan ein felles fallrettsavtale for kraftproduksjonsformål, og denne vart signert den 30. august 2013.

Grunneigarane einast og om eit felles namn på prosjektet, Illgjølet, der namnet speilar den geografiske plasseringa til vassinntaket. Illgjølet vart grundig berekna gjennom 2013, både teknisk og økonomisk, og det ser ut til å være eit godt prosjekt. Ein konsesjonssøknad vart utarbeidd i fellesskap, der eg bidrog med noko bilete av vassdraget. Dag Holtan gjennomførte ein biologisk mangfaldsrapport i løpet av sumaren 2013.

Konsesjonssøknaden var klar til signering like før jul 2013, og ble sendt inn til NVE i januar 2014.



Myklebustelva

Maksimumspotensiale produksjon på 34 GWh per år.

Omsøkt i april 2015; 1 MW installasjon, årlig produksjon 5,7 GWh. Kontaktperson er Olav Amund Myklebust.

Grunneigarane omkring Myklebustvassdraget jobba lenge med å få til ei einigheit som grunnlag til å utarbeide konsesjonssøknad. Der vart til slutt einigheit om å ta utgangspunkt i inntaksplassering ved kote 225, noko som reduserte tal involverte grunneigarar frå over 20 til 14. Konsesjonssøknaden vart utarbeidd med forslag til rørtrase på både sider av elva, og med tilrettelegging for uttak av drikkevatt. Søknaden omfattar difor eit kombinert kraft og vassverk. Dag Holtan og Perry Larsen gjennomførte ein biologisk mangfaldsrapport i løpet av sumaren 2014.



Dyrdøla

Søkt i mai 2015; 1 MW installasjon, årlig produksjon 7,0 GWh. Kontaktperson er Per Monrad Dahl.

Dyrdøla-prosjektet såg tidleg ut til å være i regi av Opplysningsvesenets fond/Clemens Kraft. Etter ei synfaring i området den 18. juni 2013 tok grunneigarane kontakt med meg for å sjå nærare på prosjektet, uavhengig av Clemens Kraft. Prosjektet rører også ved vassforsyninga til bygda. Hausten 2013 vart eg med grunneigarane på ei synfaring ved eit kombinert vass- og kraftverk i Austefjorden ved Volda og seinare deltok eg i møte med vassverket, kommunen og Mattilsynet om utfordringane i vassverket i Norddalen.

Etter eit vedtak i jordskifteretten i 2014 så vart Opplysningsvesenets fond sett til side som interessant i prosjektet, og grunneigarane sjølv tok prosjektet vidare.

Saman med grunneigarane har vi utarbeidd komplett konsesjonssøknad, med fokus på inntak på kote 490, godt ovanfor fossen og dei sårbare planteartane der. Rådgivende Biologer AS har utarbeidd biologisk mangfaldsrapport.



Herdøla / Storfossen / Fossheim

Søkt i mai 2015; 1 MW installasjon, årlig produksjon 6,6 GWh. Kontaktperson er Oddmund Dalhus.

Dette var eit prosjekt som kom seint i gang, men som vi kunne utvikle vidare basert på allereie dokumentasjon frå Rindefossen. Prosjektet rører ikkje nokon særinteresser, og bør stå som eit godt val. Der er planlagd eit inntak på Engeset kote 130, og stasjon på Dalhus kote 55. Der har vore gjennomført biologiske undersøkingar til dette prosjektet, utan at der har vore avdekt konfliktfylte artsforekomstar. Dag Holtan utførte biologisk mangfaldsrapport.



Prosjekt som kan utviklast seinare

Alstad

Maksimumspotensiale produksjon på 18+14 GWh per år.

Ved Alstad har der vore avmålt interesse, og noko labilt forhold til kraftverk. Den same kapasitetsutfordringa som i Langdalen syntes å eksistere i Alstad området, der to småkraftverksprosjekt kan vere mogleg, med få grunneigarar bakom.

Berdøla

Maksimumspotensiale produksjon på 7,5 GWh per år.

Ved Jamtebotn er der avventande haldning, og uavklarte eigedomsforhold i utmark.

Grønning

Maksimumspotensiale produksjon på 22 GWh per år.

Dette prosjektet har det ikkje vore noko interesse for.

Prosjekter som vart terminert

Steiggjelselva

Grunneigarane omkring Steiggjelselva tok kontakt fleire gonger i prosjektperioden, for å finne ut om der var mogleg å bygge vasskraftverk i denne elva.

Ei grundig berekning av vassdraget vart gjort med tanke på å finne ut om der kunne bli framtidig positiv økonomi i eit prosjekt i Steiggjelselva. Dette arbeidet synte ingen positive økonomiske gevinstar for eit vasskraftverk i Steiggjelselva. Der vart halde eit møte med grunneigarane på Fjordhagen i slutten av august 2014, der grunneigarane vart samde om å avslutte tankar om eit vasskraftverk i Steiggjelselva.

Herdøla / Rindefossen

Der er 14 grunneigarar i Rindefossen prosjektet, der Opplysningsvesenets fond utgjer halvparten av eigeinteressa. Rindefossen ligg i verna vassdrag og i Verdensarvområde. Grunneigarane er samla i Dale Grunneigarlag.

Dale grunneigarlag, ved Asbjørn Krohn Dalen, tok tidleg i januar 2013 kontakt med meg, då grunneigarane ynskte å rekne på kraftpotensialet uavhengig av Opplysningsvesenets fond/Clemens Kraft. Det vart tidleg kartlagt at Rindefossen har eit høgt kraftproduksjonspotensiale, det same som Clemens Kraft tidelgare har kome fram til.

I mars 2013 gjekk vi synfaring i området, og tok nokre bilete, til bruk i seinare dokumentasjon.

Grunneigarane var tydelege på at det kunne vere naudsynt å informere godt om prosjektet, og dei ynskte å kontakte myndigheiter steg for steg i vidare arbeid. I løpet av sumaren 2013 vart eit informasjonshefte utarbeidd, der minikraftverk, natursti og turistsatsinga ved Herdalssætra var samla. Moglegheiter omkring dette vart kartlagt.

I september 2013 hadde Asbjørn Krohn Dalen og eg møte på Stranda, med Verdensarvrådets Jan Ove Tryggestad, der Asbjørn la fram og forklarte Rindefossenprosjektet. Seinare hadde Asbjørn, Stein Ivar Krohn og eg eit tilsvarande møte med Katrin Blomvik i Verdensarvstiftinga/Grøn Fjord 2020. Prosjektet vart generelt godt mottatt, og etter desse møta tok Asbjørn Krohn Dalen og Stein Ivar Krohn initiativ til at der bør utarbeidast ein søknad om dispensasjon frå landskapsvernereglane.

Likevel, den generelle samfunnshaldninga til aktivitet og inngrep innanfor landskapsvernengrensa bidrog til at arbeidet med Herdøla/Rindefossen prosjektet dempa seg. Etter at der vart gjennomført ein biologisk mangfald rapport for Rindefossen, så bidrog denne også til å stanse prosjektet. Rapporten gav informasjon om fleire planteartar som kan gjere det vanskeleg å få konsesjon for eit vasskraftverk i området. Prosjektet sin intensjon om eit inntak innanfor verdsarvgrensa synes også umogeleg å oppnå innan rimeleg tid.

Der har også vore undersøkt prosjektmoglegheiter med inntak utanfor verdsarvgrensa, men eit slikt prosjekt får ein svak og utfordrande økonomi.

Andre prosjekt

Hoelsfossen

Grunneigarane ved Hoelsfossen tok kontakt, med ynskje om å utarbeide en søknad om utviding av kraftverket. Det vart oppretta kontakt med NVE, for å finne ut av kor omfattande ein slik søknad burde vere, og der vart einigheit med NVE om at det burde utarbeidast ein fullverdig konsesjonssøknad. Grunneigarane ynskte vidare at eg skulle utarbeidde ein slik søknad.

Dette vart gjort!

Veiberg

I Eidsdalen har Veiberg allereie ein godkjent konsesjonssøknad, men utbyggingsfristen gjekk dessverre ut på dato i 2012. Grunneigar Jan Trygve Veiberg tok kontakt med meg i 2012, for å få hjelp til å sende inn ny søknad om utvida byggefrist på konsesjonsløyvet.

Dette vart gjort, og Jan Trygve Veiberg fekk den 29. mai 2013 fornya byggefrist på sin vassdragskonsesjon for Veiberg minikraftverk, med ubegrensa varighet.

Anna aktivitet

Ladestasjon

Frå oktober 2013 og fram til opning av hurtigladestasjon i Valldal vinteren 2015 deltok Småkraftsatsing i hurtigladestasjonsprosjektet i Valldal, med kompetanse, tilrettelegging og kommunikasjon.



Grøn Fjord

Grøn Fjord konferansen vart helde i Geiranger 22-23. januar 2014.

Grøn Fjord 2020 konferansen var den første i sitt slag, og der var samla omtrent 160 deltakarar frå både innland og utland. Visjonen bak Grøn Fjord prosjektet er å få til ei endring av lokalsamfunnet frå fossil til berekraftig framtidretta og levedyktig samfunn, med fokus på å endre masseturismen i indre Storfjord og Geiranger i meir miljøvenleg retning.

Landstraum for skip

I februar 2013 gjorde eg ei analyse av kor mykje kraft hotelldelen om bord i cruiseskipa som normalt kjem inn Storfjorden nyttar. Blant utvalet var der frå dei små til dei største cruiseskipa vi kjenner til, og kraftbehovet var frå 2 til 32 megawatt MW, der 25 MW vil dekke om lag 60% av alle skipa som siglar her.

Det ser ut til at der er berre to stadar det kan vere økonomisk interessant å få i stand landstraum i Storfjorden, der eine plassen er ved Valldal sentrum – Sylte. Den andre plassen kan vere ved høgspenit-fjordkryssinga ved Sjøholt.

Norddal Kommune og vassdragsvernet

Politikarane i Norddal kommune vart utfordra til å gi ei innstilling til kraftverkssatsing i vassdraga i kommunen. Utfordringa gjekk ut på å få fram ein reaksjon til bruken av omgrepet inngrepsfri natur. I juni 2013 sendte eg difor eit innspel om småkraftverk til Norddal kommune, og dette gjekk eit par rundar i kommunestyret. Kommunestyret tok informasjonen til vitande, og etter ei drøfting av inngrep i vassdrag, vedtok kommunestyret før jul 2013 at:

«Norddal kommune rår til at ein stiller store krav til naturfagleg utgreiing og landskapstilpassing i dei ein skilde kraftutbyggings-søknadene.»

Med dette vedtaket har Norddal kommune ikkje lagt avgrensande føringar for elvekraftutbygging i kommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal Fylkeskommune tilsette ein ny energirådgjevar for fornybar kraft tidleg i 2013. Kontakt vart oppretta med den nye energirådgjevaren, Ketil Valde. Eg har og vore i kontakt med rådgjevar Guri Bugge, og Lina Jonasson.

Vegen vidare?

Dei ein skilde grunneigarlaga har vorte oppfordra til å ha ein ansvarleg person som kan følgje deira prosjekt vidare.

Grunneigarane etterlyser behov for årlege eller halvårlege samlingar, for å oppretthalde kunnskap og engasjement omkring Småkraftsatsinga, samt for å oppdatere seg på korleis

marknaden og bransjen utviklar seg i åra som kjem. Fjordhagen AS kan som hoppid-kontor og næringsforumsaktør bidra til at årlege eller halvårlege samlinga vert arrangert.

Dei innsendte søknadane vert truleg liggjande i kø nokre år, før NVE startar handsaming av desse. Når NVE startar handsaming av søknadane vil grunneigarane truleg få behov for noko assistanse til justering og oppdatering av sine søknadar. Grunneigarane bør difor i perioden juni 2015 til NVE startar si handsaming, nytte tida til å byggje nettverk i småkraftbransjen, samt til å pleie eit godt forhold til den lokale kraft og nett aktørar, i dette tilfellet Tafjord Kraftproduksjon og Mørenett. Dette for å sikre at dei får god og kvalifisert oppfølging av sine prosjekt då der vert behov for det.

Grunneigarane, Tafjord og Norddal kommune kan også i same periode arbeide aktivt med å fremje eit felles syn på nytting av elvar og sideelvar til kraftproduksjon, for næringstenlege formål, og for å sikre og utvikle næringsgrunnlag i regionen. Ei slik marknadsføring kan være føremålstenleg å gjennomføre kvart år, for å modne befolkninga og mot-interessentar sine syn på ei moderne og skånsam kraftutbygging og næringsutvikling i Norddal kommune.


For å sikre at dei innsendte søknadane har best moglege føresetnadar for å verte innvilga, bør satsinga innarbeidast i strategisk næringsplan, og det bør settast av midlar i tiltaksdelen til assistanse til justering og oppdatering av søknadane.



Robert Rønstad

Prosjektleder Småkraftsatsninga i Norddal kommune

Valldal, 29. Mai 2015



+